



# Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet

## PM-2024-12: Opphør av IA-avtalen og utvida eigenmelding ved sjukefråvær

Forfatter Statens personalhåndbok – Personalmeldinger

Dato 2024-12-16

Publisert PM-2024-12

Sammendrag Til: Statsforvaltninga og Riksrevisjonen. Gjeld: Statens personalhandbok pkt. 9.19

## PM-2024-12 Opphør av IA-avtalen og utvida eigenmelding ved sjukefråvær

Dato: 16.12.2024

Til: Statsforvaltninga og Riksrevisjonen

Gjeld: Statens personalhandbok pkt. 9.19

IA-avtalen går ut ved nyttår. Sidan pliktene og rettane knytt til sjukefråvær er del av arbeidsmiljølova og folketrygdlova, vert ikkje regelverket påverka av at IA-avtalen opphøyrer. Dette gjeld òg praktisering av utvida eigenmelding. Ifølgje folketrygdlova § 8-24 kan eigenmelding:

*«nyttas for opptil tre kalenderdager om gangen. Innenfor arbeidsgiverperioden kan arbeidsgiveren likevel gi rett til å bruke egenmelding utover tre kalenderdager. Arbeidsgiveren har plikt til å drøfte med de tillitsvalgte om det skal gis utvidet rett til å bruke egenmelding.»*

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) ønskjer likevel å presisere at alle arbeidsgivarar har høve til å operere med utvida eigenmeldingsordning innanfor arbeidsgivarperioden (dei første 16 kalenderdagane i eit sjukefråvær), og at føresegna i lova berre er eit minimumskrav. Val av ordning for utvida eigenmelding er opp til den einskilde verksemda.

Under den siste perioden for IA-avtalen oppfordra organisasjonane verksemdene til å vidareføre ordninga med utvida rett til eigenmelding, slik ho var i gamle IA-avtalar. Det vil seie eigenmelding i opptil åtte kalenderdagar, og totalt 24 kalenderdagar i løpet av ein 12-månaders periode. Dei aller fleste verksemdene i det statlege tariffområdet vidareførte denne praksisen. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet tilrår inntil vidare å vidareføre den praksisen verksemdene har i dag, med mindre arbeidsgivar etter drøfting med tillitsvalde ser behov for andre løysingar.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet (AID) forvaltar trepartssamarbeidet på vegner av styresmaktene, og kom i veke 49 med informasjon på regjeringa.no om kva som skjer med inkluderande arbeidsliv når IA-avtalen ikkje blir forlengd. Meir informasjon om trepartssamarbeidet og sjukefråværsregelverket finn de på AID og NAV sine nettsider.

Etter fullmakt

Gisle Norheim  
statens personaldirektør

Helene Marie Lassen  
avdelingsdirektør

Eventuelle spørsmål kan rettast til Statens arbeidsgivarportal